

Ikkje øydelegg landskapslinene i fjellheimen vår!

Kvinnherad – Fjellheradet

Kvinnherad bør stå i aller fremste rekkje med omsyn til å få verna fjellheimen mot vindkraftutbygging. Landskapslinene mellom toppane og overgangane vidare mot dalane og fjorden er fullkomne og vakre. Og høgare enn dei høgaste tindane ligg det veldige vassreservoaret vårt, den kvite Folgefonna, der så mange elver og fossar har sitt utspring, før dei kastar seg nedover liene medan det kvite og glitrande vatnet forvandlar seg til grønt og blått på ferda mot fjorden.

Alle toppar og høgdedrag har sitt særpreg, men mellom dei alle og i kjerneområdet av gamle Kvinnherad, står fjellmassiva Melderskin og Ulvanosi med tindar og toppar rundt i ein særstilling. Har du sett desse fjella ein gong vil du aldri forveksla dei med andre fjell og landskap. Dei er unike. Dei er ikoniske og kunne like så vel som Dovre, Stetind og Den norske hesten vore våre nasjonale symbol. Å stå på Solfjell midt imellom dei er ei stor oppleving. Vender du deg mot nord ser du mot Melderskin og Rosendalsalpane med lyset frå den kvite fonna bakom. Vender du deg andre vegen får du Englafjell og Ulvanosi med Høgeteen, Geitadalstinden og Øktaredalsnuten midt imot, med lyset frå sola i sør som bakteppe. Du er midt i Fjellheradet og det er ekstra lett å forstå at dette unike fjellandskapet inspirerte forfedrane våre til å kalla området for **Kuhind** eller **Fjella**.

Norsk er eit indoeuropeisk språk og det er logisk at fjell, som heiter **Ku** eller **Gu** på fleire sentralasiatiske språk, er ei av ordrøtene for fjell også hos oss. At vi finn dette sambandet bakover i tid, mot eit gammalt fellesspråk, nedfelt i dei gamle stadnamna våre, er svært naturleg.

Då vi begynte å setja substantiv i bestemt form sette vi til **hind**. I moderne norsk har **hind** blitt til dei bestemte artiklane som både kan stå framfor og etter eit substantiv. I ettersett stilling har dei blitt til endingar som substantivet knyter til seg for å signalisera bestemt form. I Kvinn- må det vera dei opprinnlege ordrøtene ku og hind som ligg bak.

Ku+hind > kuhind > Kvind > Kvinn = Fjellet/Fjella

Lydovergangane frå u > v og frå -nd > -nn er gode eksempel på brytning og konsonantassimilasjon.

Eg kan elles sjå ordrota ku/gu liggja løynd i fleire av fjell- og stadnamna våre. Gode eksempel her er Kvanto < Ku + hand (Fjellhanda), Kviteggjo < Ku + hird + eggj (Fjell-aksl-egga) og Godalen < Gu + dalen (Fjelldalen).

Rett over grensa i nabokommunen Etne finn vi Kvanndal og Kvanndalsnuten. Her har nok nuten også ein gong i tida heitt Kuhand. Set vi oss ned og studerer Noregskartet vil vi snart få ei lang liste med fjell- og stadnamn der Ku eller Gu ligg innbakt i namnet.